



Saksbehandlar: Bente Marie Johansen

Rådmann: Jostein Førre

Orienteringssak - kommunalt omstillingsfond

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret tar saka om omstillingsfondet til orientering.

Saksutgreiing

Samandrag

Sveio kommunestyre vedtok i sak nr 120/ 22 å etablera eit omstillingsfond på kr 100 000 for nærbutikkar som kvalifiserer til og deltar i omstillingsprosjekt i Merkur regi.

I Sveio kommune var det tre nærbutikkar som kvalifiserte til å søka på omstillingsfondet.

Tiltaka som fekk støtte var til driftsinvesteringar tilleggsnæring, omlegging av drift, og dessutan skifte av lyskjelder.

Heile fondet på kr 100 000 er utdelt.

Bakgrunn for saka

Sveio sitt kommunestyre vedtok i sak nr 120/ 22 å etablera eit omstillingsfond på kr 100 000 for nærbutikkar som kvalifiserer til og deltar i omstillingsprosjekt i Merkur regi.

«Me veit at fleire lokale butikkar, som er viktige institusjonar for dei som bur i lokalsamfunna, slit økonomisk. Den statlege Merkur-ordninga jobbar aktivt med å hjelpa slike butikkar med å skapa berekraftig og framtidretta driftsmodellar. Sveio kommune støttar dette arbeidet. Om våre lokale nærbutikkar kvalifiserer til og deltar i omstillingsprosjekt i Merkur-regi, skal òg Sveio kommune kunna gi ei handsrekning i arbeidet. Kommunestyret ber rådmannen oppretta eit fond på kr 100 000,- kor bedrifter som er kvalifiserte deltakarar i omstillingsprogram i Merkur-regi kan søka støtte frå.»

Saks- og faktaopplysningar

I Sveio kommune var det tre nærbutikkar som kvalifiserte til å søka på omstillingsfondet.

Informasjon om moglegheit til å søka på omstillingsfondet med søknadsfrist 05.05.2023 blei sendt ut til dei tre butikkane. Innan fristen fekk kommunen ein søknad, frå Valevåg Landhandel, med to punkt. Den blei innvilga med kr 70 000.

Dei resterande midlane vart kunngjorde på epost til dei tre kvalifiserte nærbutikkane, med søknadsfrist 11.09.2023. Det kom inn ein søknad frå Valevåg Landhandel som vart innvilga med kr 30 000.

Tiltaka som fekk støtte var til driftsinvesteringar tilleggsnæring, omlegging av drift, og dessutan skifte av lyskjelder.

Innkome merknadar

Ikkje aktuelt i denne saka

Konsekvensar

FN sine berekraftsmål



Økonomiske konsekvensar

Ikkje vurdert

Beredskap

Ikkje vurdert

Vurdering

Med utgangspunkt i kriteria var det tre nærbutikker som kvalifiserte til å søkja. Ein av dei var ikkje i drift og det lykkast heller ikkje å realisera planane om ny drift. Berre ein nytta høvet til å søkja og fekk såleis tilskot til alle sine tre tiltak.

At det lokale omstillingsfondet vart knytt opp mot Merkur programmet gav ein forsterkande effekt av allereie pågåande prosessar, og gav butikkane ein moglegheit til å ta fleire steig om gongen.

Rådmannen sin konklusjon

Kommunestyret tar saka om omstillingsfondet til orientering.

Aktuelle lovar, forskrifter, avtalar m.m.